

## Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

**Mia Holdhus** sette fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

VU meiner at det er viktig at kommisjonen har fokus på korleis ein nyttar ytringsfridomen på digitale forum. Det handlar om at ein må passe på at ytringsfridomen blir ivareteke men at det samtidig ikkje går over i hets. Veldig mange barn og unge opplever at ytringsfridomen i dag er ein unnskyldning for å legitimere hatprat. Ofte ser ein at unge menneske tar etter vaksne menneske som bruker denne unnskyldninga, og derfor meiner me at noko av dei viktigaste er at ein gjev alle ei opplæring i ytringsfridom og korleis ta ytringsansvar. Mange unge opplev at ein vegrar seg for å løfta stemma fordi det er fort at ein får hets, som då blir legitimisert med at ein brukar ytringsfridomen. VU har eit ønskje om at det i skulen skal bli inkludert opplæring i korleis nytta ytringsfridom, og å vise at ein må ta ansvar for det ein sei og ha opplæring i grenser. VU har også ein kommentar til mandatet til kommisjonen, der det under punkt 3 i underpunkt 4 står at ein skal inkludere ulike grupper og synspunkt blant anna begge kjønn. Her meiner VU at det burde ha stått "alle kjønn" for å inkludere mangfaldet i samfunnet.»

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå Vestland Ungdomsutval**

VU meiner at det er viktig at kommisjonen har fokus på korleis ein nyttar ytringsfridomen på digitale forum. Det handlar om at ein må passe på at ytringsfridomen blir ivareteke men at det samtidig ikkje går over i hets. Veldig mange barn og unge opplever at ytringsfridomen i dag er ein unnskyldning for å legitimere hatprat. Ofte ser ein at unge menneske tar etter vaksne menneske som bruker denne unnskyldninga, og derfor meiner me at noko av dei viktigaste er at ein gjev alle ei opplæring i ytringsfridom og korleis ta ytringsansvar. Mange unge opplev at ein vegrar seg for å løfta stemma fordi det er fort at ein får hets, som då blir legitimisert med at ein brukar ytringsfridomen. VU har eit ønskje om at det i skulen skal bli inkludert opplæring i korleis nytta ytringsfridom, og å vise at ein må ta ansvar for det ein sei og ha opplæring i grenser. VU har også ein kommentar til mandatet til kommisjonen, der det under punkt 3 i underpunkt 4 står at ein skal inkludere ulike grupper og synspunkt blant anna begge kjønn. Her meiner VU at det burde ha stått "alle kjønn" for å inkludere mangfaldet i samfunnet.